



UTE: Toppscoreren i FSK, Pål Anders Bakke, flyttar attende til Bergen over nyttår. Trenaren meiner han vil bli sakna, men at laget vil klare seg godt. Arkiv

Florø SK vann mot BSI

HANDBALL: Med to raude kort mot Os og ein strekspelar med kjeven ut av ledd, måtte eit redusert FSK-lag klare seg utan innbytarar mot BSI søndag. Det gjorde dei med stil.

DAG NESBØ FRØYEN
dag@firdaposten.no

Florø SK ligg framleis på andreplass på tabellen etter at dei fekk med seg eitt poeng borte mot Os og siger mot BSI søndag. Forsvars-

klippa Kim Haukås og toppscoraren Pål Anders Bakke fekk begge raude kort mot Os og kunne ikkje spele mot BSI.

– Med Kim og Pål ute måtte vi køyre eit alternativt opplegg. Vi la eit aggressivt 3-2-1 forsvar for å demme opp mot BSI sine sterke skyttarar. Det fungerte overraskende godt, seier Kristjan Adalsteinson. Trenaren la også til at Bjarte Seim spelte ein fantastisk kamp i mål. Resultatet til slutt vart 26-30 til Florø SK.

– Utan innbytarar og to viktige spelarar ute gjorde vi rett og slett ein kanonkamp, seier han.

FSK har berre ein bortekamp igjen av sesongen. Og 10 av 16 poeng på bortebane seier trenaren seg nøgd med. Berre mot Årstad borte meiner han FSK har spelt mot eit betre lag. – Florø SK er meir enn gode nok til å vinne utan Pål Anders Bakke. Det viste innsatsen mot BSI på søndag. No startar heimekampane og vi vil bli sterke i perioden framover, seier trenaren.


Aksjon for folkepark

Styret til stiftinga for Sørstrand folkepark held stand på Amfi senteret laurdag.

– Her vil vi prøve å selje medlemskort for 100 kroner og verve flest muleg, fortel styremedlem Sigmund Frøyen.

Stiftinga har fått Kinn Arkitektar til å gå i gang med ein ny reguleringsplan for området, som i utgangspunktet er sett av til landbruk natur og friluftsområde. Her kan det komme meir enn badeplass. Sørstrand Folkepark vart stifta 1. juli og har no kring 100 medlemmar. Jan Henrik Nygård er leiar for stiftinga. Dugnadsarbeidet med å opparbeide både badeplass og parkanlegg er godt i gang.

Eldsjelene bak folkeparken har også eiga heimeside og eiga sone på origo, der dei informerer om aktivitetane og korleis ein kan støtte det vidare arbeidet.



OPPSTART 2014: Jordbærfeltet ligg vel 110 km vest av Måløy, og er rekna til 9,8 millionar standard kubikkmeter (Sm3) oljekvivalentar. Det er i tillegg ein del prospekt i området rundt. Planlagd oppstart er 2014. Foto: Arkivfoto.

Florø kan få Jordbærfeltet

Opnar for 20 nye arbeidsplassar i Florø

FLORØ: Florø er innstilt som drifts- og forsyningsbase i tillegg til helikopterbase for Jordbærfeltet like vest av Måløy.

DAVID E. ANTONSEN
david@firdaposten.no

Det går fram av lokaliseringsstudien til BG Norge, som no er ute til høyring.

Studien viser til at Florø kan få mellom 10 og 15 nye arbeidsplassar. Desse arbeidsplassane vil bli bemanna av folk frå BG Norge og frå produksjonsselskapet, og vil hovudsakleg vere ved driftsavdelinga. I tillegg kjem tre driftsstillingar på plattform, og tre stillingar frå lokale kontraktørar.

Til saman kan det bli kring 20 personar knytt til BG Norge sitt driftskontor i Florø, tilsette som i all hovudsak skal rekrutterast lokalt. I tillegg vil kring 10 prosent av dei 105 tilsette ute på feltet bli rekruttert lokalt.

Samarbeid lokalt

Lokaliseringsstudien legg opp til ein forsyningsbase i Florø der

driftsavdelinga er samlokalisert med ei innkjøps- og logistikkavdeling. Desse vil leie den daglege driftsoperasjonen for den flytande produksjonsplattforma 110 km vest av Måløy.

I tillegg ser BG føre seg at ein vil nytte godt av det allereie veksende oljerelaterte næringslivet i Florø. BG ønskjer å leige eit større innelager for reservedeler til undervassanlegga, og ein vil ha behov for lagringsplass ute for mellomlagring av undervassinstallasjonar.

BG ser også føre seg eit transportsamarbeid med GDF Suez. På helikopterbasen i Florø vil drifta av Jordbærfeltet kunne fylle opp ledig kapasitet på GDF Suez sitt helikopter, slik at driftsøkonomien blir sikra. BG reknar med at det her blir behov for eitt årsverk til, i tillegg til dei 12 nye årsverka til GDF Suez.

– For tidleg i prosessen

Men det er for tidleg i prosessen

til å seie at lokaliseringa blir som dette. Sidan BG enno ikkje har avgjort kva selskap som skal levere den flytande produksjons- og lagringsplattforma, er det ikkje mogleg for BG å forplikte seg til ein bestemt modell for driftsorganisasjonen. Det meiner Audun Erik Sunde, seniorrådgjevar i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

– Eg er difor noktern og avvendtande. Det som likevel er positivt er at BG er såpass tydelege på base- og helikopterlokaliseringa, og at dei held Florø fram som den beste løysinga for dei, seier han.

Fylket har frist på seg til 6. januar til å levere eit svar på studien.

JORDBÆRFELTET

I ein lokaliseringsstudie for Jordbærer Fjord Base innstilt som forsyningsbase, Florø som helikopterbase og det er opna for felles base- og driftskontor i Florø.

JULEGÅVETIPS

Årskort:

Kampanjepris på årskort – meld deg inn før nyttår og spar innmeldingsavgifta på kr 250,-

Vaksen: kr 2800,- eller kr 233,- per måned med avtalegiro.

Student/honnør: kr 2400,- eller kr 200,- per måned med avtalegiro.

Born (under 16 år): kr 2000,- eller kr 167,- pr. mnd.

Familie (2 vaksne og inntil 2 born): kr 4600,- eller kr 384,- per måned med avtalegiro.

Med årskortet har medlemmene adgang til alle fasilitetar i anlegget:

Trimrom, sauna, hovudbasseng, terapibasseng, plaskedam og sklie i opningstidene.

Badetøy og baderekvisita:

Stort utval i flotte badedraktar og badebukser for dame, herre, gut og jente – uansett form og fasong! Utvalet er òg stort i symjebrikkar, badehetter, armingar m.m.

Ta turen innom!

Julegåvetips til bedrifter

Sponse delar av årskortet til den tilsette. Investér i helse og trivsel!

Velkomen til julehandel hos Havhesten!



Havhesten

www.havhesten.no tlf. 57 75 67 20